



Brynjar Mjanger Eide
Høghøyen 4
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/1257 - 18/12526

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

18.04.2018

Registrert feil/mangel etter slamtømming - gbnr 24/44 Fammestad

Lindås kommune har 13.04.2018 motteke melding frå Norva 24 Birkeland om at det ved gjennomført slamtømming er registrert lekkasje frå slamavskiljaren på eigedommen gbnr 24/44.

Når det er fare for forureining i strid med lova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Lekkasjen må utbetrast/slamavskiljaren må skiftast ut.

Kommunen har ingen opplysningar om avlaupsanlegget for eigedomen. Før vi vurderer om det er nødvendig å setja ytterlegare krav om oppgradering av avlaupsanlegget ber vi om at det vert gitt tilbakemelding på kva avløpsløyising eigedomen har. Det må gjerast greie for når avløpsanlegget vart etablert, kor stor slamavskiljaren er, kva type slamavskiljar og kor avløpet vert ført etter reinsing, td. til terreng, sjø sandfiltergrøft eller anna.

Vi ber om tilbakemelding på kva avløpsløyising eigedomen har innan **7. mai 2018**.

Tilbakemelding sender du til postmottak@lindas.kommune.no eller Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø. Krav til utbetring og frist for gjennomføring av arbeidet vert sett når tilbakemelding på avløpsanlegget ligg føre.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller du har andre merknader, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er gitt over.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 56 37 50 00 eller på e-post.

Med helsing

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Brynjar Mjanger Eide

Høghøyen 4

5913

EIKANGERVÅG